




Internrevisjonen i Helse Vest RHF

Nasjonal revisjon av medisinsk kodepraksis i helseføretaka

Helse Fonna HF

Oktober 2011

Målgruppene for denne rapporten er styret og revisjonskomiteen på regionalt nivå, styra i helseføretaka, formelt ansvarlege i administrasjonen på alle nivå, og utførande fagfolk. Rapporten er eit offentleg dokument og skal vere tilgjengeleg også for media og andre interesserte. Behova varierer, men her er ei lesarrettleiing med to nivå for kor djupt rapporten kan lesast:

1. Innhaldsforteikninga, samandraget og eventuelle kommentarar frå føretaket
2. Hovudrapporten med innleiing, fakta og vurderingar, samt vedlegg

Innhald	3
Samandrag	4
Rapporten	6
1.1 Innleiing	7
1.1.1 Bakgrunn for revisjonsprosjektet	7
1.1.2 Formål med revisjonsprosjektet (mandatet)	7
1.1.3 Rapportstruktur.....	8
1.1.4 Prosess og metode	8
1.2 Resultat og vurderingar	11
1.2.1 Beskriving av medisinsk kodepraksis	11
1.2.2 Styrings- og kontrollmiljø	14
1.2.3 Målsettingar for medisinsk kodepraksis og risikovurderingar	23
1.2.4 Tiltak for å ha styring og kontroll med kodepraksis	24
1.2.5 Oppfølging av medisinsk kodepraksis	28
1.3 Konklusjon og anbefalingar	32
Vedlegg	34

Internrevisjonane i dei fire helseregionane har gjennomført ein felles revisjon. Formålet med revisjonsprosjektet er å kartlegge og vurdere medisinsk kodepraksis i helseføretaka. Hensikta er å avklare om det er etablert god intern styring og kontroll som gir rimelig sikkerheit for riktig koding. Initiativtakar til revisjonen er Helsedirektoratet.

Revisjonen er gjennomført i to fasar. Fase 1 var ei nasjonal elektronisk spørjeundersøking i alle helseføretak. Fase 2 var nærmare undersøkingar ved 9 helseføretak fordelt på alle dei fire helseregionane. I Helse Vest var det Helse Bergen og Helse Fonna.

Resultat og konklusjonar i denne delrapporten bygger på resultat frå den nasjonale spørjeundersøkinga samt revisjonen ved Helse Fonna HF. Svar på spørsmål som er stilt i undersøkinga og i intervjuar gir indikasjonar på om rutinar og regelverk vert etterlevd. For å kunne konkludere klart på faktisk etterleving av rutinar og regelverk for medisinsk koding ville det vært nødvendig å gjennomføre testing av eit representativt utval epikriser. Det har ikkje vært ein del av prosjektet sitt mandat.

Samla sett tyder vårt datamateriale frå spørjeundersøkinga og gjennomførte intervju på eit godt styrings- og kontrollmiljø i helseføretaket. Våre funn tyder klart på at dei tilsette, inklusiv leiinga er opptatt av at det skal kodas medisinsk korrekt, og at det ikkje er kultur for bevisst feilkoding eller val av anna behandling for å auke refusjonsløpet.

Vårt datamateriale tyder likevel også på at det er sider ved dagens kodepraksis og organisering av kodearbeidet som ikkje i tilstrekkelig grad sikrar korrekt medisinsk koding. Kvalitetsrevisjonar ved medisinsk klinikk avdekkar korrigeringsbehov i 30 % - 50 % av epikrisane. Etter avdelingane sine eigne kontroller avdekkar fagsjefens tertialvise internrevisjonar feil i inntil 50 % av epikrisane. Dette tyder på at kvaliteten ikkje er tilfredsstillande til tross for at dei tilsette oppgjer i spørjeundersøkinga at dei er trygge på eigen kodepraksis. Vår vurdering er at den svake kodekvaliteten skuldast manglande opplæring og tilbakemelding til kodesettarar. Det er inga etablert læringsløype.

Totalt sett er det revisjonens vurdering at det er forhold ved kodepraksisen ved Helse Fonna HF som bør betrast. Spesielt gjeld dette opplæring og oppfølging av turnuslegar og LIS-leger.

Våre tilrådingar kjem punktvis fram av kapittel 1.3.

RAPPORTEN

1.1 INNLEIING

1.1.1 BAKGRUNN FOR REVISJONSPROSJEKTET

Dette revisjonsprosjektet kommer i stand etter initiativ frå Helsedirektoratet. Direktoratets grunngjeving for å oppmode om ein gjennomgang av kodepraksis i helseregionane, har blant anna vært risikoen for at kodinga kan bli påverka av økonomiske betraktningar og at det kan finne stad kodeendringar som er i strid med regelverket.

I grunngjevinga heiter det også at Helsedirektoratet har høyrte gjentatte påstandar om at helsepersonell er blitt pressa til å kode "økonomisk gunstig" sjølv om dette er i strid med medisinsk korrekt koding.

I møte mellom dei administrerande direktørane i regionane 14.6.2010 (sak 287-10) blei det uttrykt semje med direktoratet om at det kan være nyttig å skaffe meir informasjon om forholda rundt medisinsk koding i helseføretaka. Konsernrevisjonen i Helse Sør-Øst blei satt opp som kontaktpunkt for ein mulig gjennomføring av dette som eit internrevisjonsprosjekt.

Mandat for prosjektet blei deretter utarbeidd i eit samarbeid mellom internrevisjonane i helseregionane og drøfta med Helsedirektoratet. Prosjektet blei godkjent for igangsetting av revisjonskomiteane i alle helseregionane.

KPMG AS er engasjert for å stø med den praktiske gjennomføringa av revisjonsprosjektet. Prosjektteamet har bestått av internrevisjonane i dei regionale helseføretaka, KPMG AS og deira underleverandør Exonor AS.

1.1.2 FORMÅL MED REVISJONSPROSJEKTET (MANDATET)

Formålet med revisjonsprosjektet er å kartlegge og vurdere medisinsk kodepraksis i helseføretaka.

Hensikta er å avklare om det er etablert god intern styring og kontroll som gir rimeleg sikkerheit for riktig koding.

For å oppnå formålet med internrevisjonen skal det med utgangspunkt i anerkjente rammeverk for internkontroll og risikostyring fokuserast på faktorar knytt til helseføretaka sine:

1. Styrings- og kontrollmiljø
2. Målsettingar for medisinsk kodepraksis og risikovurderingar

3. Tiltak for å ha styring og kontroll med kodepraksis
4. Oppfølging av medisinsk kodepraksis

Dei fire delområda ovanfor er brotne ned i delproblemstillingar med tilhøyrande spørsmål. Bruken av desse fire områda er dermed gjennomgripande for prosjektet og dei er også nytta for å strukturere funn og analyser i rapportane.

Ein tabell med liste over delproblemstillingar i mandatet og referansar til kor desse vert omtala i rapporten, ligg i Vedlegg 1.

1.1.3 RAPPORTSTRUKTUR

Denne rapporten er delt inn i 3 hovuddelar; innleiing, resultat og vurderingar, og konklusjon og tilrådingar.

Del 1 beskriv bakgrunn for revisjonen, formålet og korleis data er henta inn.

Del 2 beskriver først korleis prosessen med medisinsk koding er ved Helse Fonna HF, deretter er resultat for kvart tema presentert. Temaa er gitt av mandatet og er presentert under formål med revisjonen. Våre vurderingar av resultata for kvart tema er presentert til slutt i kvart delkapittel.

Del 3 oppsummerar denne rapporten og gir nokre generelle tilrådingar basert på resultata og vurderingane i del 2.

1.1.4 PROSESS OG METODE

Revisjonen er gjennomført i to deler med felles rapportering. Del 1 som nasjonal elektronisk spørjeundersøking. Del 2 er gjennomført som ein djupare gjennomgang av 9 utvalde helseføretak fordelt mellom alle helseregionane. Helseføretaka er valt ut av internrevisjonane i dei fire helseregionane etter innspel frå Helsedirektoratet.

Tabell 1 – Helseføretak som var med i del 2 av prosjektet

Helse Sør-Øst RHF	Helse Vest RHF	Helse Midt RHF	Helse Nord RHF
Akershus Universitetssykehus HF	Helse Bergen HF	St. Olavs Hospital HF	Universitetssykehuset Nord-Norge HF
Sykehuset Telemark HF	Helse Fonna HF	Helse Nord-Trøndelag HF	Helgelandssykehuset HF
Sykehuset Østfold HF			

For ein meir detaljert gjennomgang av metodane brukt i prosjektet viser vi til Vedlegg 2. Vi kan nemne her at frå det nasjonale hovudprosjektet er det utarbeidd ein samle-rapport. Vidare ligg det føre eigne rapportar for føretaka i tabellen ovanfor.

1.1.4.1 NASJONAL ELEKTRONISK SPØRJEUNDERSØKING

Eit utval av tilsette ved Helse Fonna HF mottok 27. april invitasjon til deltaking i den nasjonale spørjeundersøkinga av medisinsk kodepraksis med svarfrist 11. mai. Utvalet blei plukka frå ein liste over tilsette med oppgåver knytt til medisinsk koding, produsert av kontaktpersonar ved helseføretaket. For Helse Fonna HF var populasjonsstørrelsen tilstrekkeleg liten til at utvalet inkluderer heile populasjonen. Deltakarane i spørjeundersøkinga svara på spørsmål tilpassa deira stillingsnivå og rolle i forhold til medisinsk koding. Utvalet er delt inn i tre grupper avhengig av stillingsnivå, vist i Tabell 2.

Tabell 2 – Beskrivelse av gruppene i utvalet for spørjeundersøkinga

Gruppe 1	Medisinsk personell som setter medisinske koder.
Gruppe 2	Stabspersonell som arbeider med føring eller kontroll av medisinske koder.
Gruppe 3	Ledelse på nivå 1, 2 og 3.

Ut frå Tabell 3 går det fram at svarprosenten for Helse Fonna HF er 29 %. Dette er ein god del under landsgjennomsnittet på 41 %. Ein hovudårsak til den lave svarprosenten på landsbasis tenker vi kan være at det har vært for mange tilsette på listene som ikkje har tilknytning til medisinsk koding. Denne vurderinga er gjort på grunnlag av tilbagemeldingar mottatt mens undersøkinga var aktiv. Helse Fonna opplever at denne forklaringa ikkje gjeld for dei. Årsaka til den spesielt lave svarprosenten ved Helse Fonna HF er truleg at spørjeundersøkinga var aktiv i same periode som DIPS blei innført.

Talet svar er likevel tilstrekkeleg stort for å vise tendensar og trekke konklusjonar, men under analyse av svara må det tas omsyn til at gjennomsnittstala kan avvike noko frå det reelle gjennomsnittet.

Resultata frå spørjeundersøkinga er berre meint å antyde tendensar ved helseføretaket og det er derfor ikkje gjennomført signifikanstesting ved samanlikning av resultat.

Tabell 3 – Populasjon, utval og svarprosent for Helse Fonna HF

	Populasjon	Utval	Talet på svar	Svarprosent i forhold til utvalet
Totalt for Helse Fonna HF	362	362	104	29 %
Gruppe 1	247	247	54	22 %
Gruppe 2	82	82	34	41 %
Gruppe 3	33	33	16	48 %

1.1.4.2 REVISJONSBESØK VED HELSE FONNA HF, HAUGESUND SJUKEHUS

Revisjonsbesøket blei gjennomført i løpet av to dagar, 14. og 15. juni 2011. Frå prosjektgruppa deltok Bård Humberstet (internrevisjonen i Helse Vest RHF), Sven Richard Tønnessen (KPMG AS) og Sturla Rising (Exonor AS).

I løpet av dei to dagane blei det gjennomført eit arbeidsmøte med kartlegging av kodeprosessen ved helseføretaket, gruppeintervju med personell i stillingsnivå frå LIS-legar til klinikksefjar og ein samtale med administrerande direktør Kari Ugland og fagsjef Kjellfrid Laugaland. Alle intervjuar var med tilsette frå Haugesund Sjukehus og det er såleis dette sjukehuset som er fokus for denne rapporten.

Arbeidsmøtet blei helde med nøkkelpersonell innan kodearbeidet. Eit generelt prosesskart blei brukt som utgangspunkt (Figur 1 i Vedlegg 2). Dette blei tilpasset lokale variasjonar ved helseføretaket. Vidare blei det kartlagt prosesser, rutinar, verktøy og system i bruk gjennom prosessen, samt risikofaktorar som kan medføre feilaktig koding. Prosesskartet for Helse Fonna HF er omtala i kapittel 1.2.1.

Gruppeintervjua blei gjennomført semi-strukturert med utgangspunkt i ein intervju-guide tilpassa for kvart stillingsnivå. Spørsmål er utarbeidd for å sikre heilskap og samlikningsgrunnlag på tvers av stillingsnivå og helseføretak.

1.1.4.3 DOKUMENTANALYSE

I samband med revisjonen blei det førespurt dokumentasjon av prosesser og rutinar ved helseføretaket. (Liste over førespurte dokumenter i vedlegg 4.) Dokumentasjonen blei gjennomgått og dannar saman med resultata frå spørjeundersøkinga, arbeidsmøtet og intervjuar grunnlaget for diskusjonar og vurderingar i denne rapporten.

1.2 RESULTAT OG VURDERINGAR

1.2.1 BESKRIVING AV MEDISINSK KODEPRAKSIS

I Figur 1 på side 13 er prosessen for medisinsk koding ved Helse Fonna HF illustrert ved eit prosesskart. Prosesskartet kompletterer dette kapitlet med å beskrive korleis kodepraksisen er organisert ved Helse Fonna HF.

Den øvste bana i prosesskartet viser informasjonsflyt og kodesetting. Banane nedanfor viser verktøy og system som nyttast i kodearbeidet. Nedst har vi beskrive risikofaktorar knytt til medisinsk koding ved Helse Fonna HF som blei identifisert i arbeidsmøtet. Det varierer noko på tvers av avdelingar korleis dette gjennomføres, i figuren er prosessen skissert i ein generell form.

MOTTAK OG INNLEGGING/POLIKLINIKK

Prosessflyten startar med intern eller ekstern tilvising av pasient. Pasienten vil deretter enten bli tilvist vidare til vurdering eller avvist/sendt tilbake til fastlege/tilvisande lege. Dersom pasienten tilvisas til vidare behandling er dette snakk om enten ei innlegging eller tilvising til poliklinisk behandling. Øyeblikkeleg hjelp-pasientar vert lagt direkte inn, eller sendes heim etter poliklinisk vurdering / behandling.

BEHANDLING, DIAGNOSTIKK OG KODESETTING

Pasienten vil etter innlegging/mottak på poliklinikk bli undersøkt og diagnostisert. Koder blir som regel først lagt inn når epikrise skrives. Det er behandlande lege som setter kode for pasienten første gang. Det er legen sjølv som er ansvarlig for å legge koder inn i DIPS, noko som er ein endring frå før DIPS blei innført då helsesekretærar la kodene inn i IT-systema etter dei var dikterte av lege. DIPS blei innført i Helse Fonna bare veker før revisjonsbesøket. For turnuskandidatar og uerfarne assistentlegar skal epikrisa kontrasignerast av overlege. Overlege har myndigheit til å vurdere dei underordna legane som kompetente kodesettarar. Dersom legen har fått denne vurderinga vil ikkje kodene kontrasignerast før epikrisa skrives.

KODEKONTROLL PÅ EININGSNIVÅ OG SENTRALT

Det er ingen formell kontroll av kodinga på einingsnivå utover kontrasignering av overlege. Helse Fonna HF leier inn kontroll- og rapporteringstenester frå Analysesenteret ved Lovisenberg. EPJ-senteret ved Helse Fonna HF vidareformidlar kodinga til Analysesenteret som kvalitetssikrar kodinga, rapporterer til NPR og genererer rapporter og analyser som sendes tilbake til EPJ-senteret. På grunnlag av informasjonen frå Analysesenteret gir EPJ-senteret tilbakemeldingar til overlegane ved seksjonane om

kodekvaliteten. Overlegane skal gi tilbakemelding til dei opphavleg kodesettande legane, men dette blir ikkje alltid gjennomført.

I tillegg til arbeidet gjennomført av Analysesenteret Lovisenberg AS gjennomføres tertialvise internrevisjonar av eit utval epikriser av fagsjefen. Ved desse revisjonane plukast ei veker produksjon frå ein seksjon og gjennomgåas nøye i samarbeid med ressurspersonar. Desse revisjonane har tidvis avdekka store feil i kodesetting. Sjå kapittel 1.2.4.2 for meir om kodekontroll.

Vi fekk opplyst at det sjeldan skrives journalnotat eller endringar i epikrisa ved endring av koder. Dette blei framheva som ein risiko i forhold til ettersyn då det kan medføre mangel på samanheng mellom epikrise og registrerte koder.


IT-SYSTEM OG VERKTØY

I tillegg til DIPS som er omtalt under Behandling, diagnostikk og kodesetting og utdjupa i kapittel 1.2.2.3 er det ei rekke ulike IT-løysingar framleis i bruk ved føretaket. Til dømes har anestesi, intensiv og neonatal eigne system der det føres koder. Desse manglar integrasjon mot DIPS, noko som medfører behov for manuell overføring av koder frå desse systema til DIPS.

RISIKOFAKTORAR IDENTIFISERT I ARBEIDSMØTET

- Legane si motivasjon til medisinsk koding.
- Mangel på tid til å finne korrekt kode.
- Mangel på kunnskap hos legar.
- Sein epikriseskriving.
- Risiko for at ikkje alle koder blir overført til DIPS frå andre IT-system.
- Større lojalitet til å sikre kvaliteten i lokale register og kodeverk enn å sørgje for korrekt kvalitet på dei offisielle systema.

Figur 1 – Prosesskart for Helse Fonna HF



1.2.2 STYRINGS- OG KONTROLLMILJØ

1.2.2.1 ROLLER, ANSVAR OG ORGANISERING

Det overordna ansvaret for medisinsk koding ved Helse Fonna HF ligg hos administrerende direktør. Klinikksjefane har systemansvaret for sin respektive klinikk. Vidare ligg linjeansvaret hos seksjonsansvarlege i klinikken som følgjer opp koding i sin seksjon.

LIS-legar og turnuslegar har ansvar for å skrive epikriser og sette tilhørande medisinske koder. Etter innføringa av DIPS er også inntasting av kodene i IT-systemet ein del av deira rolle i kodepraksisen.

Visse overlegar med lang erfaring er ansvarlige for kontrasignering av epikrisane og kodene satt av underordna legar. Hovudregelen er at det skal være kontrasignering på alle legar med erfaring under seks månader. Når ein underordna lege oppfattas som tilstrekkeleg erfaren får legen tildelt fullmakt frå kodeansvarlig lege og blir deretter ikkje kontrasignert. Det varierer på tvers av avdelingane i kva grad dette gjennomføres.

Det finst helsesekretærer tilknytta avdelingane. Deira rolle er å føre opplysningar i DIPS samt kontrollere samsvar mellom diktat frå legane, epikrisar og koder. I tillegg har nokre avdelingar egne kodekontrollørar som kontrollerar epikriser og koder ved avdelinga.

Kvar klinikk har ein kvalitetsrådsgjevar som skal bidra til at klinikken har implementert kvalitetssystem/internkontroll og at oppfølging og kvalitetsforbedring skjer i samsvar med overordnede føringer i klinikken/Helse Fonna.

Det finst ei ressursgruppe for medisinsk koding ved føretaket. Gruppa skal bidra til riktig medisinsk koding ved føretaket gjennom utvikling og vidareformidling av rutinar samt kartlegge behov for opplæring.

Det opplyses om at rollene har vore opplevd som tydeleg definerte, men at det har vorte meir flytande no i forbindelse med innføring av DIPS. Innføringa har medført endringar i rollane, og det blei informert om at ein del ventar på at arbeidsfordelinga skal bli like tydeleg som tidligare.

I DIPS er det innarbeidd ein del rolle- og ansvarsbeskrivingar. Desse skal tas i bruk på sikt, men er ikkje fullstendig innført per dags dato.

Sjå dessutan beskriving av arbeidsrutinar i kapittel 1.2.4.1.

1.2.2.2 OPPLÆRING OG KRAV TIL KOMPETANSE

Det er ikkje opparbeida formelle krav til opplæring eller kunnskap ved helseføretaket. Derimot er det forventningar om at dei tilsette tileigner seg kunnskapen som trengs for å utføre sine arbeidsoppgåver knytt til kodepraksisen.

OPPLÆRING

Dei tilsette fekk i spørjeundersøkinga spørsmål om dei har fått formell opplæring (på kurs, avdelingsmøte eller ein-til-ein opplæring) i medisinsk koding det siste året. 24 % av dei tilsette som sjølv setter koder svarte at dei har fått slik opplæring. Til samanlikning er det på landsbasis 29 % av dei som sjølv setter koder, som gir opp at dei har fått slik opplæring.

EPJ-senteret, som har ansvaret for IT ved føretaket, opplyser at det på intranettet er lenkjer til informasjon knytt til koding, blant anna eit e-læringskurs. Det har vært eit ønske om å gjøre dette kurset obligatorisk for alle, men dette har ikkje blitt gjennomført. Nye legar vert oppmoda om å ta kurset, men det er få som gjennomfører det.

Det vert sagt at opplæringa ved helseføretaket stort sett er uformell. Nye legar vert lært opp i arbeidssituasjonen gjennom "mester-svenn-prinsippet" eller lærer koding sjølve ved å stille spørsmål til kollegaer eller kodeansvarlege når dei er usikre. Overlegar som kontrasierer gir også uformell opplæring til underordna legar ved å gi tilbakemeldingar dersom opphavlege koder ikkje blir godkjende.


Nokre individ som har sentrale roller i kodepraksisen har gjennomført Nirvaco-kurs. Dette gjelder i hovudsak helsesekretærer.

I 2009 deltok ca 20 leger og 20 sekretærar på eit kurs i regi av Analysesenteret Lovisenberg AS.

Eit hovudinntrykk blant dei som er blitt intervjuet er at opplæringa er for lite systematisk og ikkje tilstrekkeleg. Samlege grupper etterlyser meir opplæring, spesielt for LIS-legar.

Spørjeundersøkinga underbygger inntrykka frå intervjuet. Ut frå Figur 2 og Tabell 4 går det fram at 80 % av turnuslegar og 67% av LIS-legar oppgjer at dei ikkje har fått tilstrekkeleg opplæring i medisinsk kodebruk (skår 3 eller lågare). Blant overlegar og kontrollpersonell er opplevd grad av opplæring høgare, høvesvis 16 % og 29 % opplever at dei ikkje har fått tilstrekkeleg opplæring. Resultata for LIS-legar, turnuslegar og kontrollpersonell er dårlegare enn landsgjennomsnittet, mens resultata for overlegar er betre enn landsgjennomsnittet.

Figur 2 – "Jeg har fått tilstrekkelig opplæring i medisinsk kodebruk"




Tabell 4 – "Jeg har fått tilstrekkelig opplæring i medisinsk kodebruk"

	1	2	3	4	5	6	Svar
Helse Fonna HF							
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	0 %	0 %	29 %	14 %	0 %	57 %	7
Avdelingsoverlege/ seksjonsoverlege/ overlege	0 %	11 %	5 %	16 %	47 %	21 %	19
LIS-lege/annen assistentlege	11 %	28 %	28 %	17 %	11 %	6 %	18
Turnuslege	20 %	20 %	40 %	20 %	0 %	0 %	5
Nasjonalt							
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	3 %	7 %	9 %	13 %	36 %	31 %	108
Avdelingsoverlege/ seksjonsoverlege/ overlege	6 %	13 %	20 %	23 %	25 %	12 %	793
LIS-lege/ annen assistentlege	9 %	17 %	23 %	27 %	16 %	8 %	491
Turnuslege	7 %	11 %	22 %	34 %	19 %	8 %	101

Då DIPS blei innført i same periode som spørjeundersøkinga var aktiv, og var nylig innført ved revisjonsbesøket, vil ikkje spørsmål om opplæring i IT-systemet bli behandla i denne rapporten. I følge fagsjef ved Helse Fonna HF har dei tilsette fått solid opplæring i DIPS i forbindelse med innføringa.

KJENNSKAP TIL KODERETTLEIINGA FRÅ HELSEDIREKTORATET/KITH

Koderettleiinga frå Helsedirektoratet/KITH er sentral kjelde til opplysningar om riktig medisinsk koding. Derfor er alle deltakarar i spørjeundersøkinga spurt om i kva grad dei har kjennskap til det innhaldet i rettleiaren som er relevant for deira stilling.

Figur 3 – Kjennskap til koderettleiaren**Tabell 5 – I hvilken grad kjenner du til innholdet i kodeveiledningen som er relevant for din stilling?**

	1	2	3	4	5	6	Svar
Helse Fonna HF							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	5 %	0 %	16 %	42 %	26 %	11 %	19
LIS-lege/annen assistentlege	6 %	6 %	29 %	29 %	29 %	0 %	17
Helsesekretær eller annet administrativt personell som arbeider med føring av pasientopplysninger i PAS/EPJ	15 %	15 %	15 %	40 %	10 %	5 %	23
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	0 %	0 %	14 %	43 %	14 %	29 %	7
Nasjonalt							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	7 %	16 %	23 %	25 %	23 %	6 %	785
LIS-lege/annen assistentlege	14 %	27 %	29 %	22 %	8 %	1 %	480
Helsesekretær eller annet administrativt personell som arbeider med føring av pasientopplysninger i PAS/EPJ	29 %	22 %	23 %	16 %	8 %	2 %	941
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	2 %	10 %	8 %	21 %	33 %	25 %	117

Ut frå Figur 3 og Tabell 5 går det fram at dei tilsette oppgjer god kjennskap til dei deler av koderettleiaren som er relevant for deira stilling. Resultata for Helse Fonna HF er langt betre enn landsgjennomsnittet.

1.2.2.3 PRAKTISK GJENNOMFØRING AV PROSESS FOR KODING

I denne delen av rapporten omtaler vi forhold knytt til den praktiske gjennomføringa av medisinsk koding ved Helse Fonna HF. Oppleving av arbeidsforhold, hjelpeverktøy, regelverk og IT-system vert omtala i tillegg til dei tilsette si oppfatting av eigen kodepraksis.

OPPLEVING AV REGELVERKET FOR MEDISINSK KODING

I spørjeundersøkinga blei respondentane bedt om å vurdere påstanden "Regelverket for medisinsk koding er oversiktlig og enkelt å forholde seg til" på ein skala frå 1 til 6 der 1 er "Helt uenig" og 6 er "Helt enig". Resultata er vist i Tabell 6.

Tabell 6 – Oppleving av regelverket for medisinsk koding¹

Fordeling av svar på påstanden "Regelverket for medisinsk koding er oversiktlig og enkelt å forholde seg til."

	Uenig (1 eller 2)	Usikkert (3 eller 4)	Enig (5 eller 6)
Helse Fonna HF²	27 %	41 %	22 %
Nasjonalt resultat	41 %	45 %	13 %

I intervjuet kjem det fram at det er stor variasjon i korleis regelverket opplevast. Helsesekretærarar med roller knytt til kodearbeidet oppgjer at systemet er forholdsvis komplisert, men at deira bakgrunn gjer det mogleg å forholde seg til det. Likevel er det deler av regelverket som oppfattast ulogisk. Det blei fortalt at det opplevast som at det er for mye rom for tolkingar. Eit eksempel frå DRG-forum blei fortalt der ein lege demonstrerte 4-5 ulike oppsett på same pasient som alle var medisinsk korrekte, men ga ulike utslag i DRG.

Overlegane fortalte i intervjuet at regelverket til tider opplevast som unødig komplisert og det kjennes frustrerende at det ofte er liten samanheng mellom refusjon for visse koder i forhold til kva ressursar som ein krev for å behandle pasienten. Sagt av ein overlege: "Det er nokre gangar med tungt hjerte at man koder riktig."

OPPLEVING AV IT-SYSTEMET BRUKT TIL KODING

IT-systemet som nyttast til føring av koder er DIPS. Som omtalt i kapittel 1.2.1 er systemet innført kort tid før revisjonsbesøket. Stort sett blei det fortalt i intervjuet at dei verkar nøgde med overgangen til nytt IT-system og at DIPS verkar betre enn Infomedix som var i bruk tidligare. Nokre respondentar fortel at dei bruker mye tid på føring i DIPS, men dei merkar at det går fortare etter kvart som dei venner seg til systemet.

Likevel er det aspektar ved DIPS som opplevast mindre bra. Spesielt vert det opplyst at søkefunksjonen ikkje er hensiktsmessig. Den innebygde søkemotoren fungerer dårleg, og det er ikkje mulig å kopiere informasjon direkte frå søk i FinnKode.

Dei andre IT-løysingane ved føretaket blei ikkje diskutert utover risikoen tilknytta overføring av koder til DIPS, omtala i kapittel 1.2.1.

¹ Respondenter som har svart "Vet ikkje" er trukket frå før utregning.

² Resultatet er vektet for å korrigere for skeiv fordeling i besvarelsene i forhold til populasjonen.

BRUK AV HJELPEVERKTØY

Blant tilsette som sjølv setter medisinske koder seier 89 % at deira avdeling har kortlister over dei mest brukte kodar/prosedyrar ved avdelinga. Det kjem fram av intervjuet at nokre kortlister er utarbeidd av personell ved helseføretaket mens andre avdelingar bruker kortlister utarbeidd av kommersielle aktørar. På spørsmål om kor hyppig kode-settarar bruker ulike hjelpeverktøy dersom dei er usikre gir 55 % skår 5 eller 6 på at dei bruker eigenproduserte kortlister og 18% at dei bruker kortlister frå kommersielle aktørar. Skalaen på spørsmålet går frå 1 som er "aldri" til 6 som er "alltid".


Kortlister vert i intervjuet beskrivne som eit nyttig og tidssparande verktøy. Dei inneheld som regel 80 % - 90 % av dei mest brukte kodene ved avdelinga, noko varierende mellom avdelingar. Likevel blei kortlistene beskrivne som ein mulig risiko for feilkoding då ein gjerne vel den nærmaste koden i staden for å leite etter rett kode dersom den korrekte koden ikkje var på lista.

Andre hjelpeverktøy som brukast hyppig vert oppgitt i spørjeundersøkinga og intervjuar til å være FinnKode frå KITH samt meir erfarne kollegaer.

TID TIL KODING

Eit fleirtal av LIS-legar ved føretaket svarar i spørjeundersøkinga at dei ikkje har tilstrekkeleg tid til å finne/sette riktig medisinsk kode. 59 % kryssar av for skår 3 eller lågare på spørsmålet. Tilsvarende tal for overlegar er 42 %. Begge desse gruppene gir opp eit betre resultat enn det nasjonale gjennomsnittet (Tabell 7).

I intervjuet svarar LIS-legane at dei føler seg pressa på tid når dei setter koder. Dette kan medføre at dei vel uspesifiserte koder eller at koding kan bli ufullstendig ved at det til dømes manglar nokre bidiagnosar. Legane fortel også at dei opplever eit økt tidspress i forbindelse med at dei nå sjølv må føre kodene inn i DIPS og krav om å sende ut epikrise innan ei veke.

Figur 4 – Tid til å finne/sette riktig medisinsk kode**Tabell 7 – Tid til å finne/sette riktig medisinsk kode**

	1	2	3	4	5	6	Svar
Helse Fonna HF							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	16 %	11 %	16 %	26 %	21 %	11 %	19
LIS-lege/annen assistentlege	12 %	35 %	12 %	12 %	29 %	0 %	17
Nasjonalt							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	19 %	25 %	19 %	17 %	12 %	8 %	776
LIS-lege/annen assistentlege	22 %	26 %	19 %	16 %	11 %	6 %	479


ANDRE FORHOLD FRÅ INTERVJUA

LIS-legane seier dei gjerne skulle hatt stillerom og raskare datamaskiner for å leggje til rette for kodesetting.

Det er og blitt gitt uttrykk for at det kan være større lojalitet til å sikre kvaliteten i lokale register og kodeverk enn å sørge for korrekt kvalitet på dei offisielle systema. Disse systema er eller har vore direkte konkurrentar får vi opplyst.

TRYGGLEIK VED EIGEN KODING

Legane ved Helse Fonna HF svarar i stor grad at dei er trygge på at dei sjølv bruker riktige medisinske koder. 79 % av overlegar gir skår 5 eller 6 på påstanden og 47 % av LIS-legar gjer det same. Som ein kan sjå i Tabell 8 skil Helse Fonna HF seg også her positivt ut frå landsgjennomsnittet.

Figur 5 – Tryggleik ved eigen koding**Tabell 8 – Tryggleik ved eigen koding³**

Fordeling av svar på påstanden "Jeg er trygg på at jeg bruker riktige medisinske koder."

	Uenig (1 eller 2)	Usikker (3 eller 4)	Enig (5 eller 6)	Svar
Helse Fonna HF				
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	5 %	16 %	79 %	19
LIS-lege/annen assistentlege	12 %	41 %	47 %	17
Nasjonalt resultat				
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	7 %	35 %	58 %	777
LIS-lege/annen assistentlege	10 %	48 %	42 %	477

Blant dei 16 som i spørjeundersøkinga svarar at dei er medlemmer av ei analysegruppe ved Helse Fonna HF seier 8 at dei er einige (skår 5 eller 6 i same skala som spørsmålet over) i påstanden "Kodekompetansen blant det medisinske personalet som setter koder i mitt HF er god", mens dei andre 8 svarar at dei er usikre (skår 3 eller 4). På same spørsmål er 37 % samde og 56 % usikre på landsbasis.

1.2.2.4 SAMLA VURDERING AV STYRINGS- OG KONTROLLMILJØ

Vårt inntrykk er at organiseringa av kodepraksisen ved helseføretaket er hensiktsmessig. Roller og arbeidsfordeling har tidlegare vært godt definert, men det er for tida noko utryggleik i forbindelse med innføring av DIPS. Denne utryggleiken kan medføre risiko for feilkoding i overgangsperioden.

Opplæringa synest ikkje tilstrekkeleg blant LIS-legar og turnuslegar. Det som har vært gjennomført av formell opplæring ved føretaket har vært retta mot tilsette som har

³ Dei som har svara "Vet ikkje" er trukket frå før utregning

spesielle roller i forbindelse med kodepraksisen og dette vert gjenspeila i resultata frå spørjeundersøkinga.

Til tross for tilsynelatande manglande opplæring har Helse Fonna HF gode resultat på spørsmålet om kjennskap til koderettleiaren relevant for deira stilling. Det er også gode resultat på dei tilsette sin tryggleik ved eigen kodebruk. Dette har truleg samanheng med god kjennskap til koderettleiaren. Dette bidrar til større tryggleik ved at styrings- og kontrollmiljøet er godt tilrettelagt.

I spørjeundersøkinga gir dei tilsette ved Helse Fonna HF betre resultat enn landsgjennomsnittet når det kjem til om dei har tilstrekkeleg tid til koding. Likevel svarar fleirtalet av LIS-legar at dei ikkje har tilstrekkeleg tid. Det er oppgitt i intervjuet at dette forsterkast med den nye arbeidsfordelinga etter innføring av DIPS. Vår vurdering er at det bør tilretteleggast slik at legane opplever at dei har tilstrekkeleg tid for å unngå at dei bruker samlekode eller ikkje fører alle relevante bidiagnosar.

Bruken av kortlister ved avdelingane bidrar til meir effektiv kodesetting for dei vanlige tilfella. Det er vår vurdering at det er spesielt viktig å kvalitetssikre kortlistene, spesielt dei som er utarbeidd av kommersielle aktørar. Det bør også kommuniserast tydeleg at det skal søkes etter korrekt kode dersom ein ikkje finner ei passende kode på kortlista.

Vår samla vurdering av styrings- og kontrollmiljøet er at roller og organisering er tilfredsstillende. Dei tilsette opplever at dei har god kjennskap til koderettleiinga og er trygge på at dei sjølv nyttar riktige medisinske koder. Dette er i kontrast til at det blir oppdaga hyppige feil under internrevisjonar og kontrollar (sjå kapittel 1.2.4.2). Dette har sannsynleg samanheng med manglande oppfølgingspraksis, diskutert i kapittel 1.2.5.4. Vår vurdering er at opplæringa ikkje er tilfredsstillande og at det er ein risiko at dei tilsette ikkje opplever at dei har tilstrekkelig tid til å finne og sette kodar. Sjå kapittel 1.3 for konkrete anbefalingar.

1.2.3 MÅLSETTINGAR FOR MEDISINSK KODEPRAKSIS OG RISIKOVURDERINGAR

1.2.3.1 BESKRIVING

Vi er ikkje opplyst om formelle målsetjingar for medisinsk kodepraksis ved Helse Fonna HF.

I arbeidsmøtet blei det uttalt at dei har hatt som mål å endre fokus frå inntekt på grunnlag av koding til at kodinga skal være medisinsk korrekt.

I spørjeundersøkinga blei følgjande oppgitt som målsetjingar:

- "Hovedmålet er rett koding som speiler faktisk innsats og behandling."
- "Redusere tallet på feil koding årleg mellom anna for å få korrekt koding som gir korrekt finansiering. Interne gjennomganger skal utførast jamleg og det er halde kurs innan koding/regelverk."

Det ble opplyst som svar på dokumentførespurnaden at det ikkje er gjennomført risikovurderingar knytt til kodepraksisen.

1.2.3.2 SAMLA VURDERING AV MÅLSETTINGAR OG RISIKOVURDERINGAR

Målsetjingar er ikkje formaliserte, men dei eksisterar uformelt ved leiinga i føretaket. At dei ikkje er formaliserte kan medføre at dei ikkje oppnår tilstrekkelig fokus i organisasjonen.

At det ikkje er gjennomført risikovurderingar av medisinsk kodepraksis ved føretaket, kan innebære at ikkje alle vesentlige risikoar på området identifiserast, og at det derfor ikkje blir satt i verk nødvendige kontrolltiltak og andre tilpassingar for å redusere risikoen for bevisst og ubevisst feilkoding.

Vår samla vurdering av området mål- og risikovurderingar er at det er forhold som bør forbetrast. Dette gjelder spesielt for området risikovurderingar. For konkrete anbefalingar, sjå kapittel 3.

1.2.4 TILTAK FOR Å HA STYRING OG KONTROLL MED KODEPRAKSIS

1.2.4.1 ARBEIDSRUTINAR

I forbindelse med dokumentførespurnaden er det ikkje oversendt gyldige nedskrivne arbeidsrutinar i bruk ved helseføretaket.

Det er i staden blitt oversendt dokument frå ulike klinikkar som beskriv kodepraksisen. Disse er oppretta som svar på dokumentførespurnaden i forbindelse med revisjonsbesøket. Dei beskriv arbeidsmetodar, ansvarsforhold og i nokre tilfeller opplæringsprosedyrar i klinikken.

Det er blitt oversendt funksjonsbeskrivingar for seksjonsoverlege, klinikkoverlege og kvalitetsrådgjevar. For rollene seksjonsoverlege og klinikkoverlege er ansvarsområde tilknytta kodepraksis spesifisert. Det er spesifisert at kvalitetsrådgjevar skal stø med internkontroll. I intervju framkom det at dette femner internkontroll av kodepraksis.

Det er utarbeida prosedyre for medisinsk koderevisjon. Denne prosedyren beskriv ansvarsforhold, framgangsmåte og relevante regelverk for koderevisjon. Korrekt medisinsk koding og læringsoverføring vert vektlagt.

Det ligg også føre mandat for ei ressursgruppe for medisinsk koding. Gruppa blei oppretta 12.10.2009.

1.2.4.2 NØKKELKONTROLLAR KNYTT TIL KODEARBEIDET

Proessen for kodekontroll ved Helse Fonna HF er beskrive i kapittel 1.2.1. Her vil det utdjupast korleis dei ulike kontrollane fungerer og det blir diskutert resultat frå kontrollane.

Helse Fonna HF nyttar fire former for kontroll:

- Overlegar som kontrasignerar epikrisar og kodar skrevet av assistentlegar.
- Helsesekretærar som kontrollerer samsvar mellom journal, epikrise og koder.
- Kvalitetsrevisjonar gjennomført av kvalitetskoordinator og kontrollpersonell.
- Tertialvise internrevisjonar av koding frå ulike avdelingar.
- Sentral kontrollfunksjon innleidd frå Analysesenteret AS

Hovudregelen er at alle epikrisar skrivne av turnuslegar eller LIS-legar med mindre enn seks månaders erfaring skal kontrasignerast av overlege. Gjennom intervju blei det fortalt at kontrasigneringa gjennomførast meir konsekvent ved medisinsk klinikk enn dei andre klinikkane. Dersom overlegen finn feil i kodinga blir det gitt tilbakemelding til legen som opphavleg satt kodane før kodane rettes. Når ein LIS-lege blir sett

som tilstrekkeleg erfaren blir legen godkjend til at legen sine epikrisar ikkje treng kontrassegnatur. Denne avgjerda blir tatt av kodeansvarlig overlege og skjer generelt etter legen har opparbeidd seg seks månaders erfaring. Det blei opplyst om at det er utfordringar i forbindelse med kontrassegnering etter at kravet om utsending av epikriser innan ei veke trådde i kraft. Det hender relativt hyppig at kodinga ikkje blir kontrassegnert før epikrisa sendes ut.

Før innføringa av DIPS blei alle kodar ført inn i Infomedix av helsesekretærar på grunnlag av epikrisa. Helsesekretærane opparbeidde seg kunnskap om avdelinga si og fungerte som eit kontrollorgan. I DIPS skal legane føre kodane sjølv og dermed blir det mindre kontroll frå helsesekretærane. Helsesekretærane utfører framleis ein form for kontroll ved at dei kontrollerer samsvar mellom journal, epikrise og dei inntasta kodane.

Kodekontrollere gjennomfører ved medisinsk klinikk kvalitetsrevisjonar av kodinga. Målet er å gjennomgå epikrisane for alle inneliggande pasientar. Tidligare fekk dei gjennomgått 30-60%, men talet har falt i forbindelse med innføringa av DIPS. I desse revisjonane finn dei at det i 30-50% av epikrisane finst korrigeringsbehov. Det opplystast om at ein finn mest feil i komplikasjonskodar, stjernekombinasjonar og bidiagnosar. Dei finn også noe feil i hovuddiagnosar, men ikkje like stort omfang. Vi er ikkje opplyst om at det gjennomførast liknande revisjonar i andre klinikkar.


I tillegg til kvalitetsrevisjonane på klinikknivå gjennomførast det tertialvise internrevisjonar av koding. Ved disse internrevisjonane veljast det ut ei veker produksjon frå ein avdeling som vert gjennomgått. Internrevisjonane gjennomførast etter at avdelingane har gjennomført eigen kontroll. Alle epikrisane reviderast og dannar grunnlag for ein rapport med tilbakemeldingar til avdelinga det gjelder. Avdelinga gjer endringane før NPR-rapportering. I intervjuet ble det fortalt at dei finn feil i inntil 50 % av hovuddiagnosane i epikrisane. Dette talet er bekrefta ved gjennomgang av eit utval internrevisjonsrapportar. Alle revisjonane vi er kjent med har medført økt DRG. I nokre tilfeller er forskjellen spesielt stor da det ved to tilfeller er funnet at tracheostomi⁴ er skrevet i epikrisa, men ikkje koda.

Det blei opplyst om at, til tross for at dei framleis avdekkjer feil i ein stor del av epikrisane og kodane, har dei inntrykk av at kodekvaliteten er i ferd med å forbetras.

Sentral kontroll av kodinga skjer gjennom avtale med Analysesenteret Lovisenberg AS. Denne kontrollen fokuserer hovudsaklig på manglande DRG (DRG 470) og unormale opphald. Etter sentral kontroll rapporterast tala til NPR.

⁴ Prosedyre der det lages hull på halsen inn til luftrøret. Prosedyren er ikke spesielt krevende men er indikativ på alvorlig tilstand hos pasienten og er tilknyttet en høy DRG.


Figur 6 – Hyppighet av oppdaga feilkoding



I spørjeundersøkinga blei kontrollpersonale og helsesekretærar spurt om kor ofte dei oppdagar medisinsk feilkoding. Det går fram av Figur 6 at feilkoding oppdagast hyppig av kontrollpersonell. Også helsesekretærar oppdagar feilkoding hyppig til tross for at dei sjeldan har ein direkte kontrollfunksjon.

